



# Stolt over fangsten

## Stor aktivitet i Sæbøvågen

SÆBØ: Han var stolt over fangsten sin, vesle Marcus. Fiskekonkurransen på Sæbø har blitt ein fin tradisjon.

ARTHUR KLEIVELAND  
arthur@nordhordland.no

– Vi hadde ein fantastisk dag i vågen. Trass i litt dårleg vær var det 50 store og små fiskarar som prøvde fiskelukka, seier Evy Dame i Keipane kystlag.

Kystlaget har gjort fiskekonkurransen til ein tradisjon og eit opplegg for heile familien under kystesogeveke.

### Lånte ut båtar

I år hadde Keipane kystlag fire båtar som fiskarane kunne låna under konkurransen. Eller dei kunne bli kjørt ut i gavlbåten med flotte namnet "Kjekken". Men dei fleste mønstra på i eigen båt.

Deltakarane konkurrerte om mest fangst, og størst og minst fisk. Inne på den gamle slippen hadde kystlaget kafé, dartkonkurranse, og spørjekonkurranse for dei minste.

### Ingen tomhendt

Evy Dame takkar deltakarane for sporty innsats, og sponsorane for fine gåvepremiar.

– Ingen barn gjekk tomhendt heim, fortel ho.

### Resultat

#### Størst fiske

1. Tor Dame - sei på 2.56 kg – fiskestang i premie og napp i vandrepokal
2. Erlend Sæbø - torsk 2.18 kg - harpesnøre
3. David H. Tjore - lyr 0.86 – gåvekort på pizza

#### Mest fisk - familieklassen

1. Alf Aase – 29 kg – trollgarn i premie
2. Tomas Tveiten - 16.2 kg - gåvekort 300.- Risnes el.
3. Kjetil Økland - 14.82 kg- campingstol og fiske-snøre.

#### Mest fisk

1. Tor Dame 14.72 - alversjakk
2. Erlend Sæbø 8.36 - redningsvest og fiskesnøre

#### Minst fisk

1. Ingmar H. Tjore 96 gram – båtstang
2. Tilde Marås 108 gram- sovepose
3. Bjørn David Aase 111 gram - redningsvest

#### Spørjekonkurranse

1. Simianne T Hansen – fruktorg.

Kortstokkar til resten av barna

#### Dart

1. Tor Dame - kniv
2. Sissel Marås - fruktorg
3. Gunnar Marås – ponsjo
3. Tomas Tveiten - bilvaskesett



**STOLT FISKAR:** Ikkje størst og ikkje minst. Men Marcus Kaspberger Mikkelsen kan vera stolt av fangsten sin under fiskekonkurransen i Sæbøvågen.



Utvandrings-senteret aktivitetdag

## Full fart på Utvandrings-senteret

**RADØY:** I dag arrangerer Vestnorsk utvandrings-senter «Liv i emigranthusa» på Sletta.

– Vi har lagt opp til aktivitetar som særleg er knytt til utvandringa frå Norge til Amerika, men også den aller eldste innvandringa til det amerikanske kontinentet. Nybyggjarlivet i USA er jo i skjæringspunktet mellom romantikk og blodslit, og vi ønskjer å gje publikum litt av begge delar, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland.

### Skriv Amerikabrev

– Ungane kan få laga egne Amerikabrev der dei skal skriva heim til Norge og fortelja om livet i det nye landet på andre sida av Atlantaren. Vi vil stilla ut breva i skulehuset i etterkant av aktivitetdagen.

I fengselet er det utstilt ei lita samling med teikneseriar, bøker, barneleikar og filmar om indianarar og cowboyar.

– Fleire av dei som drog frå Norge provde som gullgravarar, og på Sletta blir det ein gullgravarstasjon bak emigranthusa.

### Indianar-camp

Møte med indianarane var sjølvsgatt ein del av historia. I helga blir det indianarleir der publikum kan få skyta med pil og boge og atlatl - det eldste kastevåpenet i Amerika.

Det blir også steinhoggarleir, og demonstrasjon av flatbrød- og lefsebaking i Nybyggjarstova.



**PÅ GARVERIET LØRDAG:** Fritz James Moritz & The Beautiful friendship. (Foto: Snølyst)

## Fritz og venskapet på Garveriet lørdag

**LINDÅS:** Fritz James Moritz & The Beautiful Friendship inviterer gamle og nye vener til ei storslagen konsertoppleving på Garveriet i Isdalstø lørdag kveld.

ENDRE HOPLAND  
endre@nordhordland.no

– Dette kjem til å verta veldig bra. Det er allereie mange påmelde gjestar via Facebook, men det er god plass til fleire på Garveriet, seier Fritz Inge Tredal, eller Fritz James Moritz som han heiter in concert.

Saman med bandet sitt, The Beautiful Friendship, ser han fram til å stå på scena på Garveriet igjen. Det var her bandet sleppte debutalbumet «Love is the answer. Aim for it. Always. Forever» i slutten av mai, og det vart ein sleppfest dei mange gjestane neppe kjem til å gløyma med det første.

Fritz James Moritz & The beautiful friendship har hatt nokre spelejobbar sidan platesleppet, sist ein akustisk opptreden i samband med Anders Gravdal sitt slepp av boka "En utrolig bra bok for unge folk" på Bryggen

i Bergen. No er altså bandet klare for den lokale scena igjen, og Fritz sjølv håpar så mange som mogeleg vil ta del i festlegheitene lørdag kveld.

– Det vert champagne, konfetti og heile rennet også denne gongen. Vi skal ha det moro saman, seier vokalisten og gitaristen.

Som oppvarmingsband denne kvelden får Fritz James Moritz & The Beautiful Friendship med seg Bergens-trioen Flare.

– Dei åleine er verd å få med seg, så her må folk kjenna si besøkstid, seier Fritz.